

Bergen, 18.10.2018

Ref: 2018_Deltakarforskrifta 2019/BSI

Norges Fiskarlag

Fiskeridirektoratet

DELTAKARFORSKRIFTA FOR 2019

Styret i Fiskarlaget Vest handsama ovannemnde som sak i sitt telefonstyremøte 17.10.18 , og fatta følgjande vedtak:

«Styret i Sø-Norges Notfiskarlag sluttar seg til følgjande styrevedtak i Fiskarlaget Vest av 17.10.18:

«1. EVALUERING AV ENDRINGER I DELTAKERFORSKRIFTEN FOR 2018

- 1.1 Det generelle kravet om at fartøyeier i åpen gruppe må være hovedsmann om bord i fartøyet under utøvelse av fangst (forbod mot leigeskipper)**

I utgangspunktet blei leigeskipparforbodet tatt opp for å redusere deltakinga i open gruppe i fisket etter torsk nord for 62° N.

Styret i Fiskarlaget Vest viser til at innføring av det generelle forbodet mot leigeskippar i opne fiskeri, har hatt ein del uheldige konsekvensar, som ein reknar med ikkje var tilskikta frå fiskeristyresmaktene. Det er kun lange, brosme og lodde som har fått unntak frå kravet.

Ein vil peike på at det er forskjell på open gruppe i eit lukka fiskeri, og opne fiskeri, der ein ikkje har noko lukka gruppe.

Ein vil vise til at i ein del fiskeri har ein fast mannskap med skiftordningar, og det må dermed vere mogeleg å kunne nytte leigeskippar på desse fartøya.

Styret føreslår på grunnlag av ovannemnde at dagens forskrift blir speglvendt, slik at forbodet mot leigeskipper kun gjeld i dei fiskeria som er spesifisert i forskrifta. Då treng ein òg kun register for dispensasjonar i dei fiskeria forbodet gjeld.

Styret meiner at forbodet mot leigeskippar må gjelde for deltaking i open gruppe i fisket etter torsk nord for 62° N, norsk vårgytande sild, nordsjøsild, makrell og leppefisk.

Styret vil òg peike på at ein er i mot at det skal først fødselsnummer på sluttuledlane.

1.2 Innskjerping i eierkonstellasjonsreglene

Styret vil bemerka at ein er uroa over ekspansjonen, og den liberale haldninga i Norge, i høve deltaking i open gruppa.

Styret stiller spørsmål med at det ikkje blir stilt strengare krav i høve deltaking, som norsk statsborgarskap, kompetansekrav for hovedmann, språkkrav i høve kommunikasjon med andre fiskarar på m.a. VHF osb.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at endring av eigarkonstellasjonsreglane stort sett vil ha marginal effekt i ein kortare periode, før fartøyeigarane har tilpassa seg. Det bør likevel vere slik at ein ikkje kan ha eigarandel i fleire fartøy som deltar i open gruppe i same fiskeri.

1.3 Bør leieskipperforbudet i enkeltfiskeri oppheves?

Styret i Fiskarlaget Vest viser til punkt 1.1 om speglvending.

1.4 Bør det åpnes for flere dispensasjonshjemler fra leieskipperforbudet?

1.4.1 Vurdering av unntak fra leieskipperforbudet for vernepliktige (førstegangstjenesten).

Styret i Fiskarlaget Vest er einig i at «jo flere unntak som gjøres fra forbudet jo mer kan hovedregelen undergraves og miste legitimitet og effekt.», men ein støttar likevel unntak for vernepliktige (førstegangstjenesten).

1.4.2 Regler for mannlige fiskere med fødselspermisjon mv

Styret i Fiskarlaget Vest er einig i at «jo flere unntak som gjøres fra forbudet jo mer kan hovedregelen undergraves og miste legitimitet og effekt.», men ein støttar likevel unntak for fiskere med fødselspermisjon.

1.4.3 Foreldre med omsorg for sykt barn

Styret i Fiskarlaget Vest er einig i at «jo flere unntak som gjøres fra forbudet jo mer kan hovedregelen undergraves og miste legitimitet og effekt.», men ein støttar likevel unntak for omsorg for langtidssjukt barn.

1.4.4 Utkast til endringer i deltakerforskriften og manntallsforskriften som følge av ovennevnte tiltak

Styret i Fiskarlaget Vest støttar endringane i forskriftene i tråd med ovannemnde.

2. TILTAK FOR Å REGULERE DELTAKELSEN I ÅPEN GRUPPE I FISKET ETTER TORSK, HYSE OG SEI NORD FOR 62° N

2.1 Vilkår om en fysisk majoritetseier

Viser til uttale i punkt 1.2.

Krava må kun gjelde i dei fiskeria som er lista opp, jf. spesialvendingforslaget i punkt 1.1.

2.2 Krav om AIS for deltagelse i åpen gruppe i fisket etter torsk, hyse og sei nord for 62° N.

Ei konstaterer at fiskeristyremaktene ønskjer innføring av AIS-påbod i open gruppe med bakgrunn i kontrollomsyn.

Styret i Fiskarlaget Vest vil vise til at ved krav om bruk av AIS på fartøy i open gruppe er det ikkje mogeleg å oppretthalde eigne opparbeida fiskeplassar (bedriftshemmelegheiter) lenger.

Styret støtter krav om AIS for deltagning i open gruppe i fisket etter torsk, hyse og sei.

2.3 Sanksjoner ved manglende fartøyinstruks mv.

Styret i Fiskarlaget Vest er einig i at fartøy ikkje bør kunne delta i fisket etter torsk, hyse og sei i open gruppe utan gyldig fartøyinstruks.»»

Med helsing

Sør-Norges Notfiskarlag

Britt S. Instebo

Britt Sæle Instebo